



TILLEGGSINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 22.09.2020

Møtested: Turbinen

Møtetid: 09:00 - 15:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Tilleggsinnkallinga inneholder ei ekstra meldingssak og 3 saker til politisk handsaming.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
52/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
52/2020.3	Orientering skule- og barnehagestart
64/2020	DIREKTESENDING AV POLITISKE MØTER
65/2020	FJERNMØTER FOR FOLKEVALDE ORGAN
66/2020	SAL AV ALKOHOL FRÅ FYSISK UBEMANNA BUTIKK

17. september 2020

Hege Eide Vik
Ordførar



Notat

Til

Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Ann Kristin Bolstad

Vår referanse: 20/1261 - 20/8423

Dato: 17.09.2020

Emne: Orientering skule- og barnehagestart

Oppstart skule og barnehage

- Avslutninga førre skuleår og starten av dette skuleåret har vore prega av flytting og bygging.
- Vaksdal tilsette og elevar er flytta ut av Vaksdal skule og inn på Stanghelle skule
- Barnetrinnet frå Dale er flytta heimatt til Dale og inn i ny skule saman med ungdomstrinnet
- På Stamnes har SFO vore i barnehagen i vekene etter skuleslutt og før skulestart medan skulen var ein byggeplass som skulle verta klar til å ta imot elevar igjen.
- Dette har utfordra drifta av skulane, men dei tilsette har gjort ein strålende innsats for å få alt på plass til det beste for elevane
- Oppstart i barnehage har vore litt smidigare, men pga avgrensing i kohortar etter smittevernretteliaren er vanleg opningstid i barnehage framleis kl. 07.00 – 16.00, medan føresette som melder behov for utvida tid melder dette til barnehagen og det vert lagt til rette for dette. (Når det vert sagt frå nasjonalt hald at barnehagen igjen har full opningstid, så meinerdei 41,5 t eller meir. Vaksdal har meir, men vi har ikkje den opningstida som vi plar ha.)

Skyss

- I år skal det skyssast elevar frå Vaksdal til Stanghelle, samstundes som ungdomsskuleelevar frå Vaksdal og Stanghelle skal skyssast til Dale.
- Det vart gjort eit grundig arbeid med å kartlegge kva haldeplass elevane frå barnetrinnet på Vaksdal kom på for deretter å passe på at dei sat i buss med rette «kohort». Det vart jobba med avklaringar med EMBAS tett inntil siste helga før skulestart, og dette ser i all hovudsak ut til å fungera.

Stamnes

- Stamnes skule var ikkje helt klar til oppstart av SFO og oppstart til første skuledag, så her var rektor og dei tilsette nødt til å vera kreative slik at elevane opplevde ein god start.

Korona

- Alle skulane og barnehagane starta opp på gult nivå. Det vil blant anna seie at organiseringa av grupper både i barnehage og skule er mindre fleksibel enn det er til vanleg.

- Det er høgt kortids sjukefråvær i både skule og barnehage pga korona restriksjonane som seier vi skal vera heime om vi er sjuke (snufsar, har vondt i halsen osv) Dette er utfordrande for oss

Med helsing

Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef oppvekst



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2020	Ombodsutvalet	PS	16.09.2020
64/2020	Kommunestyret	PS	22.09.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/1250

DIREKTESENDING AV POLITISKE MØTER

Vedlegg:

Rettleiar ved streaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune tilbyr publikum og andre å følgja Kommunestyret, Formannskap, Levekår og Bygdeutvikling via kommune-tv.

Direktesending av møter skal også vurderast dersom situasjonen tilseier at det ikke er mogleg å delta som publikum i opne møter for andre folkevalde organ.

Ombodsutvalet - Sak 08/2020

OMB - Behandling:

Ombodsutvalet drøfta saka.

Boris Groth, Frp la fram forslag om å legge inn Administrasjonsutvalet i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Boris Groth sitt tilleggsframlegg vart samråystes vedteke.

OMB - Tiltråding/Vedtak:

Ombodsutvalet si innstilling til Kommunestyret:

Vaksdal kommune tilbyr publikum og andre å følgja Kommunestyret, Formannskap, Administrasjonsutval, Levekår og Bygdeutvikling via kommune-tv.

Direktesending av møter skal også vurderast dersom situasjonen tilseier at det ikke er mogleg å

delta som publikum i opne møter for andre folkevalde organ.

Saksopplysningar:

Ombudsutvalet diskuterte følgjande i møte 2.12.19, sak 02/2019.

«For å følgje med på korleis dette utviklar seg, ønskjer kommunen først å gjennomføre streaming av alle kommunestyremøta. På sikt er det eit ønske om å streame andre møter som t.d. møter i Formannskapet, Levekår- og Bygdeutviklingsutvalet.

Det vil vere fornuftig at rådmannen utarbeider retningslinjer for streaming av møter.»

Sidan november 2019, har kommunen sendt alle kommunestyremøta direkte. Etter korona-utbrotet i vår, fekk innbyggjarane tilbod om å følgje kommunestyret og formannskapet via kommune-tv i perioden då det ikkje var mogleg å vere publikum i møte.

Erfaringane så langt frå administrasjonen er at systemet er praktisk enkelt å handtere, med oppstart, pause i sending og slutt. I denne perioden har vi opplevd eit avvik. Eit lydlaust testklipp med biletet av møtedeltakarar frå eit anna møte, vart publisert like før møtestart for kommunestyret. Systemet hadde i utgangspunktet sett sperrer for at ei slik hending skal kunne oppstå, dei har ikkje gjeve tilbakemelding på kvifor det oppstod. Avviket førte til ei presisering i rutinane om at testsendingar skal skje utan personar til stades i lokalet.

Korona-pandemien vil mest sannsynleg påverke hausten i større grad enn ønska. Folkevalde, administrativt tilsette og andre som deltek i møta synes å vere komfortable med både kamera og mikrofon, men rådmannen ber medlemmene i ombudsutvalet om å dele sine erfaringar i møtet.

Korona-pandemien førte også til at eit møte i Administrasjonsutvalet og eit møte i Formannskapet vart sendt direkte i vår og Rådmannen er positiv til å opne opp for å sende møtene frå andre politiske organ fast.

Teknologien utviklar seg hurtig i denne tida vi er inne i. Rådmannen har utarbeida retningslinjer/rutinar for streaming som du finn vedlagd. Desse må kunna endrast i takt med utviklinga og ein ber om at Ombudsutvalet kjem med innspel til retningslinjene utan politisk vedtak.

Innleiing

Vaksdal kommune har som mål om å vera ein meiropen kommune med tilbod om å følgja politiske møter direkte via ein nett-portal. Sendingar frå tidlegare møter vert i tillegg publisert og tilgjengeleg frå kommunen si nettside.

For å ivareta dei folkevalde, tilsette, sakspartar og andre som deltek i møtet vert det utarbeida ei enkel retningslinje.

Teknisk løysing

Vaksdal kommune nyttar i dag den nettbaserte programvara Aventia OVP til direktesending av politiske møter. Programvara krev pålogging mot ein allereie tildelt brukar i systemet. Per i dag er det politisk sekretariat som administrerer løysinga.

Programvara har integrasjon mod kommunen sitt sakshandsamingssystem, Acos websak, for å hente fram sakslista til møtet. I tillegg til at det er mogleg å setje opp ei løysing for å følgje sendinga via kommunen si Facebookside.

I kommunestyresalen er det sett opp to kamera, mot podiet og mot sal, og kopling til presentasjon på pc slik at sjåarane kan få opp presentasjonen på sin skjerm. Lyd vert styrt via dashbord som også kontrollerer skjerm for framvising av presentasjonar.

Administrator av programmet har eit panel som styrer direktesendinga, med knappane start, pause og stopp. Når direktesendinga startar opp, tek det noko tid før sendinga kjem i gang.

Det er mellom 30-60 sekund forseinking frå opptak til det er tilgjengeleg på nett, men det som er filma, vil bli publisert. Dette fordi forseinkinga er tida det tek å overføre data til nettsida.

Før møtet

Varsel om møtedag og direktesending

Publikum skal få informasjon om at dei kan følgje møtet via kommunen si nettside. Dei folkevalde skal bli varsle om at møtet vert direktesendt og personar som skal presentera ei sak eller eit område for dei folkevalde skal bli spurt om det er greitt å bli filma og få høve til å be om at dei ikkje vert filma.

Kontroll av utstyr, mikrofonar og lokale

Dagen før sending, skal administrator syte for at alt utstyr er klargjort. NB! Testing av utstyr skal skje utan at det er personar tilstades i kommunestyresalen.

- Lyd på handhalden- og myggmikrofon, samt mikrofonar til ordførar og talarstol,
- PC tilgjengeleg og klar presentasjonar
- Hovudskjerm og sideskjerm kan koplast til pc og gå i svart utan å slå av dashbord
- Test av planlagd sending, både kamera for sal, podiet og presentasjon
- Saksliste må sjekkast mot møteinkalling
- Fjerne alt unødvendig innanfor skjermbilete

Under møtet

Direktesendinga vert sett på pause ved saker som krev lukka dører eller når det er pause. Når sendinga er i pausemodus, er kamera og mikrofonar avslått. Når ordførar avsluttar møtet, vert direktesendinga stoppa.

Alle skal vere kjent med at det vert filma under møtet

Administrator skal varsle når direktesendinga startar, når han/ho har trykt på pause eller stopp og når filminga startar opp igjen. Administrator skal sørge for at lyd og pc biletene er på plass ved behov. Føredragshaldar skal få informasjon om utstyr og posisjon.

Bruk av mikrofon

Under direktesending av møter, må alle som ønsker ordet, nytta mikrofon. Under kommunestyremøte, skal talarstolen nyttast under spørsmål og svar. I andre tilfeller skal bordmikrofon nyttast.

Kva politiske møter skal sendast via nett?

- Kommunestyremøte
- Formannskapsmøte
- Møter i utval for levekår
- Møter i utval for bygdeutvikling
- Møter i administrasjonsutvalet

Dette gjeld temamøte, orienteringar, presentasjonar m.m. Føresetnaden er at møta vert gjennomført i kommunestyresalen, i heradshuset.

Unntak frå filming

- Lukka saker*
- Song og anna type aktivitet i møte
- «Open halvtime» vert i utgangspunktet ikkje streama.
- Andre presentasjonar der innleggar ber om at det ikkje vert streama.

Etter møtet

Når møtet er avslutta, vert filmen redigert, arkivert og publisert i same programvare. Saker frå sakslista vert tilpassa slik sjåar lettare kan navigera seg i innhaldet. Sekvensar utan innhald vert fjerna frå sendinga. Dersom lyd eller biletene ikkje er kvalitetsmessig god, vil dette likevel ikkje bli fjerna. Dette med utgangpunkt i at all informasjonsutveksling skal publiserast i eit offentleg møte.

Publisering av klipp

Administrator skal varsle rådmann og ordførar når sendinga er redigert og publisert for evt. tilbakemeldingar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2020	Ombodsutvalet	PS	16.09.2020
65/2020	Kommunestyret	PS	22.09.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-030	19/1040

FJERNMØTER FOR FOLKEVALDE ORGAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at alle folkevalde organ i kommunen kan halde politiske møter som fjernmøter.

Ombodsutvalet - Sak 09/2020

OMB - Behandling:

Rådmann Atle Fasteland orienterte om saka.

Utvælet drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke

OMB - Tilråding/Vedtak:

Ombodsutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek at alle folkevalde organ i kommunen kan halde politiske møter som fjernmøter.

Saksopplysninger:

Kommunelov §11-7, 1. ledd gjev kommunestyret rett til å vedta at folkevalde organ i kommunen skal kunne halde møter som fjernmøter. Regelen gjeld både når eit medlem deltek via fjernmøte eller alle.

Samtidig er det ei begrensing i kommunelova som seier at folkevalde organ ikkje kan handsame lukka saker via fjernmøter, §11-7, 3 ledd, eller at ein kan gjennomføre fjernmøter utan at desse er tilgjengeleg for publikum.

Det er grunn til å tru at dette var årsaka til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet sette i verk «Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19» som opna for å handsame lukka saker under fjernmøter og la til rette for at dei politiske møtene kunne gjennomførast digitalt, sjølv om det ikkje var mogleg for publikum å følgja møtet. Den mellombelse forskriften opphørte 1. august 2020 og det er forventa at departementet vil utarbeide ei ny.

Som hovudregel ønskjer rådmannen å leggje til rette for fysiske møter for dei folkevalde. Sett i lys av korona-pandemien og behov for å gjennomføre møter i tida framover, ser rådmannen behov for å fatte eit vedtak som opnar for at folkevalde i Vaksdal kan gjennomføra møter som fjernmøter for alle folkevalde organ.

Det vil vere eit mål om å tilrettelegge så langt som mogleg for streaming av møtene slik at publikum får delta i møte. Lukka saker må behandlast i fysiske møter inntil ei evt lovendring.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2020	Levekårsutvalet	PS	16.09.2020
66/2020	Kommunestyret	PS	22.09.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FA-J40	19/1359

SAL AV ALKOHOL FRÅ FYSISK UBEMANNA BUTIKK

Vedlegg:

Orientering om sal av alkohol frå ubemanna butikk

Tolkingsuttale vedk. kommunal salsløyve- sal av alkoholhaldig drikk frå ubemanna butikk

Vedk møte på Eksingedalen Snarkjøp 01.07.20

Stortingsmelding 27

pavirkningsskala (1)

Sal av alkohol frå ubemanna butikk - tilbakemelding etter møte

Spørsmål om dispensasjon- sal av alkohol frå fysisk ubemanna butikk

Krav i lovverket og sal av alkohol frå fysisk ubemanna butikk

Vedk. sal av alkohol frå ubemanna butikk

Fwd Vaksdal kommune - endring av salgsøyve

VILKÅR OG BETINGELSER FOR Å BRUKE BUTIKKEN

Pilotprosjekt - sjølvbetente kassar utan fysisk bemanning - Eksingedalen Snarkjøp

Pilotprosjekt - sjølvbetente kassar utan fysisk bemanning - Eksingedalen Snarkjøp

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande salsløyve med krav om fysisk bemanning ved sal av alkohol vert oppretthalden.

Levekårsutvalet - Sak 25/2020

LEV - Behandling:

Rådgjevar Lin Tove Thomassen orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka.

Ivar Bergo, SP. la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Kommunestyret viser til uttale frå Helsedirektoratet som seier:
«Direktoratet vil bemerke at det uansett ligger innenfor kommunens skjønnsmyndighet å beslutte om den ønsker å gi bevilling til steder hvor salg av alkoholholdig drikk inngår i konseptet og om kontrollhensynene er tilstrekkelig ivaretatt i den enkelte sak.»
1. Kommunestyret gjev Eksingedalen Snarkjøp løyve til å selja alkohol innanfor kommunen sine salstider, også i tida når butikken er ubemanna som ein del av pilotprosjektet. Løyve vert gjeve frå og med 01.11.2020 til og med 01.10.2021.
1. Innan 01.10.2021 skal kommunestyret handsame evaluering av ordninga. Ei slik evaluering skal vere grunnlaget for ei eventuell vidareføring av prøveprosjektet.
1. Kommunestyret presiserer at dette er ei prøveordning for Eksingedalen Snarkjøp og saka skapar ikkje presedens for andre butikkar/salsteder i Vaksdal kommune. Eventuelle andre søknader i prøveperioden vil ikkje verte vurdert.

Utvalet røysta over Ivar Bergo sitt forslag som vart samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Levekårsutvalet si innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret viser til uttale frå Helsedirektoratet som seier:
«Direktoratet vil bemerke at det uansett ligger innenfor kommunens skjønnsmyndighet å beslutte om den ønsker å gi bevilling til steder hvor salg av alkoholholdig drikk inngår i konseptet og om kontrollhensynene er tilstrekkelig ivaretatt i den enkelte sak.»
2. Kommunestyret gjev Eksingedalen Snarkjøp løyve til å selja alkohol innanfor kommunen sine salstider, også i tida når butikken er ubemanna som ein del av pilotprosjektet. Løyve vert gjeve frå og med 01.11.2020 til og med 01.10.2021.
3. Innan 01.10.2021 skal kommunestyret handsame evaluering av ordninga. Ei slik evaluering skal vere grunnlaget for ei eventuell vidareføring av prøveprosjektet.
4. Kommunestyret presiserer at dette er ei prøveordning for Eksingedalen Snarkjøp og saka skapar ikkje presedens for andre butikkar/salsteder i Vaksdal kommune. Eventuelle andre søknader i prøveperioden vil ikkje verte vurdert.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Eksingedalen Snarkjøp deltek i pilotprosjekt i regi av Merkur, som legg til rette for at teknologi kan erstatte fysisk bemanning i butikkar. I juni 2020 vart teknologien teke i bruk i Eksingedalen.

Kommunestyret i Vaksdal kommune har gjeve butikken salsløyve med krav om at butikken må følgja kommunal salstid og vere fysisk bemanna ved sal av både alkohol og tobakk. Krav til fysisk bemanning under sal av alkohol tek mellom anna utgangspunkt i alkohollova §8-11, forbod mot sal til rusmiddelpåverka personar.

Eksingedalen snarkjøp ber om ei ny vurdering av kravet og ønskjer å få selja alkohol også når butikken er ubemanna. Dei vil følgja dei kommunale salstidene, og viser til ulike teknologiske løysingar som skal ivareta krav om alder, identifisering og vurderingar knytt til om kunden er ruspåverka.

Helsedirektoratet har i brev datert 02.07.20 gjeve ei grundig vurdering av spørsmålet og støttarrådmannen si vurdering om at det må vere ein person fysisk til stades ved sal av alkohol.

Formannskapet har fått tilsendt eit notat vedkomande saka til møtet 8. sept. Nye opplysingar etter formannskapet vil bli lagt ved saksutgreiinga.

Rådmannen har vurdert det slik at så lenge det i regi av Merkurprogrammet ikkje er tilrettelagd for ei mellombels forskrift som omhandlar sal av alkohol og tobakk for pilotkommunar, så kan ein ikkje vike frå dei krava som er sett i lovverket. Rådmannen opprettheld difor kravet om at sal av alkohol berre kan gjennomførast så lenge butikken fysisk er bemanna.

Bakgrunn for saka

Eksingedalen Snarkjøp er eit viktig tilbod for lokalbefolkinga og tilreisande i Eksingedalen. Som ein av dei første i Norge er det mogleg for kundar å handle i butikk utan at den fysisk er bemanna. Teknologiske løysingar identifiserer kundar via minibankkortet. Butikken vert overvaka av kamera, og kundar kan ha dialog med beteninga ved behov. Med den teknologiske løysinga er opningstidene utvida og vekslar mellom å vere bemanna og ubemanna.

Dagleg leiar for Eksingedalen Snarkjøp vendte seg til kommunen og ba rådmannen om å vurdere sal av alkohol frå fysisk ubemanna butikk.

Alkohollov med forskrift set krav til sal av alkohol i butikk:

- Må ha salsløyve
- Sal skal skje innanfor kommunalt vedtekne salstider
- Kunden må vere 18 år
- Det er forbod mot å selje til personar som er openbart påverka av rusmidlar
- Alkohol skal ikkje drikkast i salslokalet
- Alkohol skal ikkje seljast eller utleverast frå automat

Lista er ikkje uttømmande.

I brev som er vedlagd saka, datert 5. mai 20, konkluderte rådmannen med følgjande:

«Rådmannen er positiv til at Eksingedalen Snarkjøp får delta i eit slikt pilotprosjekt og ser at det både for dagleg leiar og innbyggjarane kan få ei større nytteverdi av eit slikt tilbod.

Med utgangspunkt i lovverket nemnd over, ser rådmannen at det ikkje vil vere tilstrekkeleg med

låsbare og/eller tidsstyrte skap for sal av alkohol og tobakk og kamera for overvaking.

Tobakkskadelova §29 , alkohollova §8-11, alkoholforskrift § 3-1 tilseier at det berre er tillette å selje tobakksvarer og alkohol i den tida butikken er fysisk bemanna.»

Kommunestyret fornya nyleg salsløyvet til Eksingedalen snarkjøp for ein ny 4 års periode, sak 46/2020. I tråd med tidlegare vurderinga er det sett krav om at butikken skal vere fysisk bemanna ved sal av alkohol.

Vaksdal kommune sin rusmiddelplan legg føringar for alkoholpolitikken i kommunen. Planen vart sist revidert i 2006 og var planlagd å vert fornya hausten 2020/ våren 2021. Med bakgrunn i korona-pandemien vert dette arbeidet utsett. I føreordet i rusmiddelplanen er det fokus på personar med alkoholproblem:

«Det er dei svakaste ledda i rusmiddelsamanheng som må skapa terskelen for regelverket. Difor vil restriktive og halldningsskapande idear vera grunnlaget for denne planen.»

Alle butikkar med salsløyve i kommunen vert med jamne mellomrom kontrollert av salskontrollørar for å sikra av regelverket vert følgjt. Brot på løyvet kan resultere i prikkar eller inndraging av løyve. Kommunen har per no ikkje motteke rapport om brot på løyve for butikken i Eksingedalen.

Eksingedalen Snarkjøp er ikkje samd i Vaksdal kommune si vurdering knytt til sal av alkohol. Dei meiner at krav i regelverket vert innfridd via dei teknologiske løysingane og ber om at saka vert vurdert på nytt. Mat-Norge AS er leverandør av den tekniske løysinga. På vegne av butikken legg dei fram følgjande argument for sitt syn:

- Manglande sal av alkohol når butikken ikkje fysisk er bemanna, vil føre til handelslekkasje.
- Det er fleire kontrollinnslag enn i tradisjonell butikk.
- Driftsmodellen ivaretak i større grad problem knytt til sal til mindreårige enn i tradisjonell butikk.

Brev frå Mat-Norge AS er vedlagd saka.

Kommunen vende seg til alkoholavdelinga i Helsedirektoratet for rådføring. Brev frå Helsedirektoratet er vedlagt saka.

Helsedirektoratet tolkar regelverket som at butikken må vere fysisk bemanna ved sal av alkohol:

«Sett opp mot alkohollovens formål, som er å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære, er det naturlig at det stilles andre og strengere krav til salg av slike varer enn andre dagligvarer. Ved å åpne opp for at alkoholholdig drikk kan selges uten kontroll av en person som fysisk er tilstede, vil dette være en endring i strid med alkohollovens prinsipper og være en betydelig endring av hvordan omsetning og salg av alkoholholdig drikk skjer i dag.

Også sett fra et helse- og forebyggingsperspektiv bør det etter Helsedirektoratets syn ikke åpnes opp for salgsformer hvor den som foretar vurderingen, og således skal sikre at salget ikke finner sted til personer som er åpenbart påvirket av rusmidler, ikke er fysisk er tilstede.»

Helsedirektoratet presiserer også i sitt brev som at det er kommunen som har vedtaksmynne:

«Direktoratet vil bemerke at det uansett ligger innenfor kommunens skjønnsmynndighet å beslutte om den ønsker å gi bevilling til steder hvor salg av alkoholholdig drikk inngår i konseptet og om kontrollhensynene er tilstrekkelig ivaretatt i den enkelte sak.»

Fleire butikkar med liknande teknologisk løysing er i ferd med å etablere seg ulike i stader i distrikts-Norge. Det er ikkje gjeve sentrale føringar i regi av Merkurprogrammet for korleis ein skal vurdere lovverk knytt til sal av alkohol- og tobakksvarer ved utrulling av pilotprosjektet.

Vaksdal kommune har ikkje ei oversikt over kva kommunar som gjennomfører eller har gjennomført liknande saksbehandling og det er for tidleg å hauste erfaringar frå arbeid som er gjort. Det er også ulik praksis i butikkane. Til dømes ein butikk i Ullensvang har sendt kommunen ei orientering om at dei innfører sjølvbeteningsløysinga, men at det ikkje vil vere sal av alkohol medan butikken er ubemanna.

I nov. 2019 sendte Helsedirektoratet ut ei presisering til alle kommunar og butikkar som er fysisk bemanna med har sjølvbetente kassar. Presiseringa omhandla mellom anna fingeravtrykk til alderskontroll. Her har dei vurdert det som at ubemanna tekniske løysingar åleine ikkje ivaretek forbod mot sal av alkoholholdig drikk som openbart er ruspåverka.

Formelt grunnlag

Alkohollova, alkoholforskrifta, Vaksdal kommune sin rusmiddelplan

Vurdering og konsekvensar

Eksingedalen Snarkjøp har løyve til å selja alkohol, men ønskjer å selja alkohol innanfor kommunen sine salstider, også i tida når butikken er ubemanna.

Snarkjøp argumenterer med at ei redusering i opningstida for sal av alkohol vil føre til handelslekkasje. I dag må den tilsette enten vere tilgjengeleg slik at ein kan møte kunden personleg eller redusere salstida til dei tidspunkta det er bemanning i butikken. Eit krav om fysisk bemanning for ein butikk med begrensa tilgang til bemanning vil mest sannsynleg føre til at salstidene vert redusert samanlikna med dei kommunale salstidene, men samtidig vere på nivå med den salstida som butikken i utgangspunktet hadde før dei fekk den teknologiske løysinga.

Dersom butikken får løyve til å selja alkohol frå ubemanna butikk vil dette forenkla kvardagen både for butikken og nærmiljøet, samtidig som den er innanfor gjeldande salstider i kommunen.

Mat-Norge hevdar også at den teknologiske løysinga gjev betre kontroll enn i tradisjonell butikk. Rådmannen har ikkje eit godt nok grunnlag for å kunna samanlikna tradisjonelt sal mot sal via teknologi, men lovverket skal ivaretakast uavhengig av metode.

Når det gjeld kontroll av salsløyve vil sal av alkohol frå ubemanna butikk krevje ny tenking rundt korleis eit slikt konsept skal kontrollerast.

Det å handle alkohol frå ein ubemanna kasse treng ikkje vere ei utfordring for dei fleste innbyggjarane eller besøkande i kommunen, men rusmiddelplan og alkohollova viser at kommunen skal ta omsyn til personar med utfordringar knytt til rus. Med ubemanna butikk, opnar ein for at rusa

personar kan kjøpa øl utan å bli stoppa av ein tilsett. Det opnar også opp for å kunna drikke alkohol i lokalet.

Teknologien i næringa utviklar seg med stormskritt og offentleg mynde klarar ikkje å følgje opp i like stor fart. Ny teknologi skapar nye spørsmål som må avklarast og denne saka opnar opp for ein større prinsipiell diskusjon.

Eit pilotprosjekt er ei prøveordning for å teste korleis systemet fungerer før det kan rullast ut i større skala. Dersom ein opnar for at Eksingedalen Snarkjøp skal kunna selja alkohol frå ubemanna butikk, vil ein kunna hausta erfaringar på dette området også. Samtidig, ein pilot opphevar ikkje krav sett i lovverket med argument om at det er ein pilot. Då må det på plass ei mellombels forskrift som opnar for at ein skal teste ut løysinga også ved å selja alkohol og tobakk når butikken er ubemanna. Derfor er det noko underleg at Merkurprogrammet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ikkje har vore i dialog med Helsedepartementet for avklaringar før pilotprosjektet vart sett i gang så lenge Helsedirektoratet sitt svar til Vaksdal kommune er at dette er ei endring som er i strid med prinsippa i alkohollova.

Konklusjon

Butikkar i distrikta er viktig for lokalmiljøet og treng å halda på kundane sine for å få det til å gå rundt. Likevel kan ikkje dette vera eit tungtvegande argument ved sal av alkohol. Alkohol er ei spesiell vare. Alkohollovas føremål er å begrense skadar ved alkoholbruk og begrense forbruk av alkoholhaldig drikk og kommunen må ta utgangspunkt i gjeldande regelverk for å tilrettelege på best mogleg måte.

Gjeldande salsløyve med krav om fysisk bemanning ved sal av alkohol vert oppretthalden. Alkohollova §8-11 forbod mot sal til rusmiddelpåverka personar vart lagt til grunn for vurderinga gjort i mai 2020. Ny vurdering stadfestar førre vurdering om at forbodet i §8-11 ikkje vert ivaretake av løysinga.

Rådmannen tilrår derfor at butikken har faste tidspunkt der butikken er bemanna og offentleggjer desse tidene som nye salstider for butikken



Notat

Til: Ordførar

Kopi til:

Saksbehandler: Stab/Lin Tove Thomassen
Vår referanse: 19/1359 - 15 / FA-J40
Dato: 01.09.2020

Emne: Orientering om sal av alkohol frå ubemanna butikk

Eksingedalen Snarkjøp deltek i pilotprosjekt i regi av Merkur, som legg til rette for at teknologi kan erstatte fysisk bemanning i butikkar. I juni 2020 vart teknologien teke i bruk i Eksingedalen.

Kommunestyret i Vaksdal kommune har gjeve butikken salsløyve med krav om at butikken må følgja communal salstid og vere fysisk bemanna ved sal av både alkohol og tobakk. Krav til fysisk bemanning under sal av alkohol tek mellom anna utgangspunkt i alkohollova §8-11, forbod mot sal til rusmiddelpåverka personar.

Eksingedalen snarkjøp ber om ei ny vurdering av kravet og ønskjer å få selja alkohol også når butikken er ubemanna. Dei vil følgja dei kommunale salstidene, og viser til ulike teknologiske løysingar som skal ivareta krav om alder, identifisering og vurderingar knytt til om kunden er ruspåverka.

Helsedirektoratet har i brev vedlagd, datert 02.07.20, gjeve kommunen ei grundig utgreiing i saka og støttar rådmannen si vurdering om at det må vere ein person fysisk til stades ved sal av alkohol.

Helsedirektoratet skriv mellom anna:

«Sett opp mot alkohollovens formål, som er å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære, er det naturlig at det stilles andre og strengere krav til salg av slike varer enn andre dagligvarer. Ved å åpne opp for at alkoholholdig drikk kan selges uten kontroll av en person som fysisk er tilstede, vil dette være en endring i strid med alkohollovens prinsipper og være en betydelig endring av hvordan omsetning og salg av alkoholholdig drikk skjer i dag.

Også sett fra et helse- og forebyggingsperspektiv bør det etter Helsedirektoratets syn ikke åpnes opp for salgsformer hvor den som foretar vurderingen, og således skal sikre at salget ikke finner sted til personer som er åpenbart påvirket av rusmidler, ikke er fysisk er tilstede.»

Vaksdal kommune sin rusmiddelplan legg føringar for alkoholpolitikken i kommunen. Planen vart sist revidert i 2006 og var planlagd å vert fornya hausten 2020/ våren 2021. Med bakgrunn i korona-

pandemien vert dette arbeidet utsett. I føreordet i rusmiddelplanen er det fokus på personar med alkoholproblem:

«Det er dei svakaste ledda i rusmiddelsamanheng som må skapa terskelen for regelverket. Difor vil restriktive og haldningsskapande idear vera grunnlaget for denne planen.»

Det å handle alkohol frå ein ubemanna kasse treng ikkje vere ei utfordring for dei fleste innbyggjarane eller besøkande i kommunen, men rusmiddelplan og alkohollova viser at kommunen skal ta omsyn til personar med rusproblem. Med ubemanna butikk, opnar ein for at rusa personar kan kjøpa øl utan å bli stoppa av ein tilsett. Det opnar også opp for å kunna drikke alkohol i lokalet.

Eskingedalen snarkjøp melder om vellukka oppstart med ny sjølvbetjent butikk. Det er positivt at ei løysing som i hovudsak baserer seg på teknologi og tillit til kunden fungerer så godt. Kundar betalar for produkta dei kjøper, kamera og varsling er nok til å bistå om det vert spørsmål. Utviklinga vidare vil bli spanande å følgja med på.

For alle andre varer enn tobakk og alkohol er sjølvbeteningsløysinga i butikken gode løysingar. Er det mogleg å sjå på andre løysingar som både ivaretak butikken sine interesser og regelverket?

Ein pilot som er såpass nytenkande burde ha involvert sentral helsemyndighet for prinsipielle avklaringar allereie i planleggingsfasen. Samtidig er det kommunen sjølv som er ansvarleg for eigen rusmiddelpolitikk. Helsedirektoratet skriv mellom anna dette i si tilbakemelding:

«Direktoratet vil bemerke at det uansett ligger innenfor kommunens skjønnsmyndighet å beslutte om den ønsker å gi bevilling til steder hvor salg av alkoholholdig drikk inngår i konseptet og om kontrollhensynene er tilstrekkelig ivaretatt i den enkelte sak.»

Jamfør delegasjonsreglementet er ruspolitikk Levekårsutvalet sitt ansvarsområdet. Rådmannen vil derfor utarbeide ei sak til møte i Levekår onsdag 16. september, som vil gje si innstilling til kommunestyremøtet 22. september.

Kommunen må ta utgangspunkt i gjeldande regelverk i sine vurderingar. Alkohollova § 8-11, er slik rådmannen og Helsedirektoratet ser det, ikkje ivareteke ved å nytta tekniske løysingar. Rådmannen opprettheld difor kravet om at sal av alkohol berre kan gjennomførast så lenge butikken fysisk er bemanna. Tilrådinga frå rådmannen til Levekårsutvalet vil vere at det ikkje vert gjeve løyve til sal av alkohol medan butikken er ubemanna.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
Politisk sekretariat

VAKSDAL KOMMUNE
Konsul Jebensgata 16
5722 DALEKVAM

Deres ref.: 19/1359 - 20/4967
Vår ref.: 20/18782-3
Saksbehandler: Kristina Therese Klæboe
Dato: 02.07.2020

Tolkningsuttalelse vedrørende kommunal salgsbevilling- salg av alkoholholdig drikk fra ubemannet butikk

Helsedirektoratet viser til henvendelse fra Vaksdal kommune av 5.6.2020 vedrørende kommunal salgsbevilling for alkoholholdig drikk. Det fremgår av henvendelsen at Vaksdal kommune har mottatt en søknad om salgsbevilling fra Eksingedalen Snarkjøp som er deltaker i et pilotprosjekt i regi av Merkurprogrammet. Pilotprosjektet går ut på å gi kunder adgang til å handle varer når butikken ikke er fysisk bemannet.

Eksingedalen Snarkjøp søker om å få selge alkoholholdig drikk. Butikken er betjent i butikkens ordinære åpningstider. Utenom dette skal butikken være fysisk ubemannet. Det søkes om å selge alkoholholdig drikk innenfor kommunen sine gjeldende salgstider både når butikken er betjent og ubetjent.

Det fremgår at Vaksdal kommune ønsker at Helsedirektoratet vurderer om hvorvidt denne løsningen er i henhold til alkoholloven og alkoholforskriften.

Vedlagt henvendelsen var det en betydelig mengde informasjon om den tekniske løsningen som skal benyttes når butikken ikke er fysisk bemannet. Dette blir gjengitt for å skape et bilde av konseptet og det aktuelle utsalgsstedet. Det fremgår at;

Informasjon fra søker om den tekniske løsningen

Avansert kamerateknologi observerer hva som skjer utenfor butikken før kunden forsøker å ta seg inn i butikken. Kunden må bruke gyldig betalingskort og taste en PIN-kode for å komme inn i butikken. Dersom kunden er overstadig beruset og prøver å komme inn, går det en alarm til den som betjener butikken. Døren stenges slik at kunden ikke kommer inn. Den som betjener butikken har toveis kommunikasjon med kunden utenfor butikken. Kunder som går inn i butikken samtykker til betingelser og vilkår for å bruke butikken. Kunden er identifisert når han går inn i butikken.

Alkoholholdig drikk står i skap med spesiallåser som er koblet til avanserte styringssystemer som lukker og åpner skapene på sekundet. Teknologien varsler den som betjener butikken når kunden nærmer seg skap med alkoholholdig drikk. Ulik sensorteknologi varsler om unormal adferd. Er en kunde overstadig beruset, låses skapene med alkoholholdig drikk slik at kunden ikke kommer inn og får tilgang. Er det usikkerhet knyttet til kundens tilstand, kan den som betjener butikken, via toveis kommunikasjon på sekundet, spole tilbake og se kundens adferd fra han nærmer seg butikken og videre til det aktuelle skapet.

Helsedirektoratet

Avdeling levekår

Kristina Therese Klæboe, tlf.: +4794143938

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Når kunden kommer til kassen og skanner en alkoholholdig vare, går det en alarm til den som betjener butikken med beskjed om at det er en «aldersbestemt vare». Den som betjener butikken kan umiddelbart visuelt observere kunden.

Første gang kunden handler må den legitimere seg. Dette skjer ved et spesialkamera og kontroll av den som betjener butikken. Den som betjener butikken godkjenner deretter at alt er i orden. Kunden kan også legge inn fingeravtrykk ved å legitimere seg. Handler kunden varer med fingeravtrykk, sjekkes alder automatisk. Det går et varsel til den som betjener butikken, som da visuelt gjennom systemene ser kunden og hva som skjer i kassen. Den som betjener butikken kan stoppe handelen ved behov.

Søker argumenterer for at konseptet har betydelig lavere risiko for at en overstadig beruset person skal få handlet alkohol i denne butikken enn i en tradisjonell butikk. Det er også mye mindre risiko for tyveri, da kunden enkelt kan identifiseres. Det vil være enkelt å kunne anmelde en kunde for et slikt forhold.

Har en overstadig beruset person besøkt eller forsøkt å besøke butikken, kan systemet automatisk nekte vedkommende adgang neste gang, eller begrense adgang for eksempel ved at vedkommende må gjennom en enkel kontroll før han får lov til å komme inn i butikken.

Etter normal åpningstid må kunden registrere seg og identifisere seg i en adgangsautomat som er montert ved inngangspartiet. For å åpne døren fra innsiden vil det være en dørskanner som skanner kassalappen for å åpne døren. Det vil også bli montert en nødknapp ved inngangsdøren.

Skapene som inneholder aldersbetingede varer som alkohol, tobakk og legemidler, vil være i skap med automatlås. Her må kundene identifisere seg med enten legitimasjon eller fingeravtrykk. Ølkapene vil være tidsstyrte slik at det ikke vil være mulig å åpne disse etter at ølsalget er stengt. Det vil likevel være mulig å kjøpe alkohol innenfor kommunens salgstider, men utenfor betjent åpningstid.

Ved kassen må kunden identifisere seg med fingeravtrykk eller ved å holde legitimasjon opp mot kamera. Det vil være bemannet betjening på support i den utvidede åpningstiden. Det vil være kameraovervåking som vil dekke hele butikken for sikkerhet. Det vil også bli montert kamera og en kommunikasjonsinnretning ved inngangsdøren for support. Ved inngangspartiet inne i butikken vil det også bli montert en infoskerm med informasjon til kundene.

Helsedirektoratets vurdering:

Helsedirektoratet er kjent med at selvbetjente kasser har blitt stadig vanligere i dagligvarehandelen og at det i denne sammenheng benyttes ulike tekniske løsninger for alderskontroll ved salg av alkohol, for eksempel fingeravtrykk.

